



---

26.09.19

### **Innkalling til møte i SU (Samarbeidsutvalet) ved Fogn oppvekstsenter**

Møtedato og stad: Torsdag 3. oktober kl. 17:30 på personalrommet.

Innkallinga går i utgangspunktet til alle foreldrerepresentantane i FAU. Desse vil ha møte i forkant av SU for å velge kven som skal delta i SU. Pål har ansvar for dette møtet.

#### **FAU:**

Tanja Elise Sandanger Giske (foreldrerepresentant i barnehagen)

Else Marie Grødem (foreldrerepresentant i barnehagen)

Kristel Borgemyr (foreldrerepresentant 1.-4.,klasse)

Alexander Stensnes (foreldrerepresentant 1.-4.klasse)

Pål Grønås (foreldrerepresentant 5.-6.klasse)

Anne Martha Straumstein (foreldrerepresentant 5.-6.klasse)

Øyvind Sandanger (foreldrerepresentant 7.klasse)

Morten Sangedal (foreldrerepresentant 7.klasse)

#### **SU:**

2 foreldrerepresentantar frå barnehagen:

Elise Marie Grødem

Tanja Elise Sandanger Giske

2 foreldrerepresentantar frå skulen:

Pål Grønås (Leiar)

Morten Sangedal (vara for leiar)

Kristel Borgemyr (vara for SU)

2 representantar frå tilsette i barnehagen

Elisabeth Rygg

Tora Sandanger

1 representant frå lærarane i skulen

Jakob Bø

1 representant for andre tilsette på oppvekstsenteret

Anne Martha Straumstein

2 elevrådsrepresentantar:

Peder Sunde

Leah Sandanger

Verneombod Dag Olav Sæbøvåg (møter ved behov)

2 kommunale representantar

Jon Olav Runestad (fram til ny kommunal representant er valt)

Hilde Folkvord Juul (rektor og kommunal representant)

Beste helsing

**Hilde Folkvord Juul**

Rektor - Fogn oppvekstsenter  
Mail [hilde.folkvord.juul@finnoy.kommune.no](mailto:hilde.folkvord.juul@finnoy.kommune.no)  
Telefon: 51 71 46 80 /48 86 94 52

## **SAKLISTE**

Sak 01 - 19/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02 - 19/20: Godkjenning av referat frå førre møte

Sak 03 - 19/20: Gjennomgang av oppgåver og ansvarsområde til FAU, SU, SMU og elevråd

Sak 04 - 19/20: Konstituering av SU 2019/2020, val av leiar og nestleiar

Sak 05 - 19/20: Møteplan for SU/SMU 2019/2020

Sak 06 - 19/20: Orienteringar frå rektor

Sak 07- 19/20: Ordensreglement

Sak 08 - 19/20: Lokale endringar i skuleruta 2019/2020

Sak 10 - 19/20: Sakliste for SMU (Skulemiljøutvalet)

Sak 11 - 19/20: Ymse

### **Sak 01 - 19/20: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innstilling frå rektor: SU godkjenner innkalling og sakliste

Vedtak:Ingen kommentarer. Godkjent.

### **Sak 02 - 19/20: Godkjenning av referat frå førre møte**

Referat frå siste SU-møte før sommaren er vedlagt sakspapira.

Innstilling frå rektor: SU godkjenner referatet frå førre møte

Vedtak: Ingen kommentarer. Godkjent.

### **Sak 03 - 19/20: Gjennomgang av oppgåver og ansvarsområde til FAU, SU, SMU og elevråd**

Saksutgreiing: Rektor informerer kort om kva FAU, SU, SMU og elevrådet er, kven dei består av, og kva for oppgåver og ansvarsområde dei har. Det er ope for spørsmål frå medlemmane i SU.

Innstilling frå rektor: SU tek rektor sin gjennomgang til orientering.

Vedtak: Ingen kommentarer. Presentasjon ligg ved. Godkjent.

#### **Sak 04 - 19/20: Konstituering av SU 2018/19**

Saksutgreiing: Val av leiar og nestleiar av SU.

Innstilling frå rektor: Ingen

Vedtak: Pål Gønås blei einstemmig valt som leiar av SU. Morten Sangedal blei valt som vara.

#### **Sak 05 - 19/20: Møteplan for SU/SMU 2019/20**

Saksutgreiing: Det står i årshjulet for heim/skulesamarbeid at det skal vera fire møter i SU og SMU kvart skule- og barnehageår. Vi har i fleire år praktisert at SMU har møte direkte etter SU, i og med at alle som er i SMU, alt har stilt opp på møte i SU. Viktig å sjå til at elevar og foreldre er i fleirtal i SMU.

Møteplan for SU/SMU blei bestemt før sommaren. I tillegg til møtet i dag, 3. oktober, blei følgande møteplan vedteke:

1. Møte: Tysdag 3. september kl 17:30
2. Møte: Tysdag 3. desember kl. 17.30
3. møte: Tysdag 18. februar kl. 17.30
4. møte: Tysdag 26. mai kl. 17.30

I utgangspunktet er møta klokka 17:30 på tysdagar, men dette kan endrast på.

Innstilling frå rektor: SU seier seg einig i møteplanen for SU/SMU 2019/20

Vedtak: Dato for møtet i desember blei endra frå 3. desember til torsdag 5. desember. Møteplanen er dermed:

1. Møte: Tysdag 3. september kl 17:30
2. møte: Tysdag 3. desember kl. 17.30
3. møte: Tysdag 18. februar kl. 17.30
4. møte: Tysdag 26. mai kl. 17.30

#### **Sak 06 - 19/20: Orienteringar frå rektor**

Saksutgreiing: Her vil rektor orientere om

- Barnehage- og skuleoppstarten denne hausten. Herunder også personalsituasjonen.
- Budsjettarbeid 2019
- Satsings- og fokusområder for skule- og barnehageåret
- Bryggjeprojektet i barnehagen. Dugnad
- Nye Stavanger
- Evt. anna informasjon, hærverk på utedo.

I tillegg til punkta over blei det også løfta fram behov for oppgradering av ballbingen. Ballbingen er slitt, og ikkje miljøvennleg (svarte plastkonottar). Denne saka skal tas vidare og må gjerast i samarbeid med Idrettslaget.

Det blei også informert om hærverk på utedo. Det er vannskader i veggene inn mot den eine garderoben. Døra til utedoen står alltid ope på grunn av hjartestartar. Skulen jobbar med å finne ei anna løysing for plassering av hjartestartaren slik at dodøra kan låsast.

Innstilling frå rektor: SU tek orienteringa til etterretning

Vedtak: Su tar orientering til etterretning.

### **Sak 07- 19/20: Ordensreglement**

Ordensreglementet er revidert frå sist. Hovudsakleg spåkvask.

Innstilling frå rektor: SU godkjenner ordensreglane.

Det kom forslag frå elevrådet om å endre reaksjonar på brot på ordensreglane på eit av punkta. Forslag er å gradere punktet om reaksjon på å ha med farlege gjenstadar på skulen: Reaksjonen vil vere avhengig av alvorgrad.

Gjenstanden blir inndratt til skuleslutt og levert tilbake etter samtale med eleven.

Ved alvorlege og gjentatte episodar blir det tatt kontakt med heimen.

Vedtak: Forslaget frå elevrådet blir godkjent, og ordensreglane endra på dette punktet.

Utover dette var det ingen kommentarar. Ordensreglementet blei godkjent med dei endringane som står ovanfor.

### **Sak 08 - 19/20: Lokale endringar i skuleruta 2019/20**

Saksutgreiing: Skuleruta er fastlagt. Fastlagte føringar:

Felles oppstart for elevane etter sommarferien

Felles siste dag for elevane før sommaren.

3 fastlagte planleggingsdagar som er felles for skule/SFO/barnehage.

I tillegg ønskjer vi å gjere nokre lokale endringar på Fogn oppvekstsenter. Endringane er dei same vi har hatt tidlegare år, og gjeld:

- Vi har solidaritetsaksjon på kveldstid, onsdag 24. oktober. Elevane avspaserer fredag 30.04.2020.
- Vi har julefest på kveldstid, torsdag 19. desember. Både lærarar og elevar avspaserer fredag 20. desember.
- Vi har sommarfest på kveldstid, torsdag 18. juni. Lærarar og elevar avspaserer mandag 18.mai.
- Barnehagen har stengt pga planleggingsdag 15.november, 02.januar, 14. april og 22. mai.

Innstilling frå rektor: SU godkjenner dei lokale endringane i skuleruta

Vedtak: Ingen kommentarar. Godkjent.

### **Sak 9 - 19/20: Sakliste for SMU (Skulemiljøutvalet)**

SAK 1 - 19/20: Godkjenning av innkalling og sakliste

SAK 2 - 19/20: Godkjenning av referat frå førre møte i SMU

SAK 3 - 19/20: Konstituering av SMU, val av leiar

SAK 4 - 19/20: Skule- og barnehagemiljøet på Fogn oppvekstsenter

SAK 5 - 19/20 Brukarundersøkingar

SAK 6 - 19/20: Orienteringar frå rektor

SAK 7 - 19/20: Ymse (Det er fint om saker under “Ymse” vert spelt inn på førehand, og seinast under saka “Godkjenning av innkalling og sakliste”.)

Saklista blei godkjent. Det blei også bestemt at leiar og nestleiar av SU, også blei leiar av SMU. Rektor orienterte kort om oppstart i barnehage og skule denne hausten. Det blei også informert om dei ulike brukarundersøkingane som skal gjennomførast denne hausten, og medlemmane blei bedt om å oppmuntra foreldra til å delta. Resultata på brukarundersøkinga skal behandlast i SU/SMU når dei er gjennomførte. Det var ingen saker under ymse.